



UNIVERSITETET I OSLO

DET HUMANISTISKE FAKULTET

Ordinær eksamen i EXPHIL03 våren 2012 – sjølstudiumsvarianten

Tysdag 8. mai - kl 09.00-13.00 (4 timar)

Du finn heile oppgåvesettet på ei side.
Det er ikkje lov å bruke hjelpemiddel.
Du må svare på ei oppgåve frå del I og ei oppgåve frå del II.

Del I: Filosofi- og vitenskapshistorie

Anten:

Kant

Kant hevdar at dommar (utsegn) av typen $7+5=12$ og *vinkelsummen i ein trekant er to rette* (180 grader) er syntetisk a priori. Korleis grunngjev han dette, og kvifor meiner han at dei korkje kan vere analytiske eller empiriske (baserte på erfaring)?

Eller:

Hume

Gjer greie for Hume si lære om erkjenninga. Diskuter kort om vi kan seie at Hume gjennom læra si kritiserer Descartes si lære om erkjenninga.

Del II: Etikk

Anten:

Deontologi og utilitarisme

Gjer greie for hovudtrekka i deontologi og utilitarisme. Legg særleg vekt på kva konsekvensane har å seie.

Eller:

Menneske og natur.

Grei ut om Peter Singer sin diskusjon av tilhøvet mellom menneske og natur i den vestlege tradisjonen. Få deretter fram Singer sitt eige syn på kva som må vere det/dei sentrale omsynet/a i ein miljøetikk. Diskuter kort om det er eit godt bidrag til å løyse miljøproblema.